

Kontrollutvalet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/19	033	25.01.2019	14.03.2019	KS/JS

05

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2018

Forslag til innstilling


Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2018 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2018. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2018.


Jostein Støylen
Dagleg leiar


Karoline Sighaug
Konsulent



ÅRSMELDING

FOR

KONTROLLUTVALET

2018

VANYLVEN KOMMUNE

1. INNLEIING

1.1 Heimel

Ansvar for tilsynet med kommunen er lagt til kommunestyret, jfr. KommuneLOVA § 76. Ordninga med kontrollutval i kommunen er heimla i kommuneLOVA § 77 nr 1.

Oppgåvene til kontrollutvalet er heimla i KommuneLOVA § 77 og i forskrift om kontrollutval.

1.2 Kontrollutvalet sitt formål

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret føre det løpande tilsynet med forvaltninga i kommunen.

Kontrollutvalet sitt formål er todelt. Den eine oppgåva rettar seg mot tilsyn med forvaltninga i kommunen. Den andre rettar seg mot utføringa av revisjonsoppgåvene (rekneskap og forvaltningsrevisjon). Kontrollutvalet må og basere seg på det arbeid som blir utført av revisjonen.

I kommuneLOVA seier og at tilsyn og kontroll skal skje i alle kommunale organ, folkevalde og administrative, og dei har eit **sjølvstendig ansvar** for tilsyn og kontroll på sine områder.

1.3 Kontrollutvalet sin plass i organisasjonen

Det **direkte underordningsforholdet til kommunestyret** medfører at kontrollutvalet har ein **uavhengig** ståstad i høve til andre kommunale politiske og administrative organ. Det er **berre kommunestyret som kan instruere kontrollutvalet**. Kontrollutvalet er det organet som i praksis utfører det generelle tilsynsansvaret som ligg til kommunestyret. Kontrollutvalet har då fylgjeleg **ikkje eit tilsynsansvar overfor kommunestyret**, men det hindrar ikkje utvalet i å kunne **uttale seg** om kommunestyret er i ferd med å gjere eller har gjort eit ulovleg vedtak.

Kontrollorgana må vere **fristilte i høve til dei som skal kontrollerast**, dersom kontrollen skal vere truverdig.

1.4 Kontrollutvalet si samansetjing

For valperioden 2015 – 2019 har kontrollutvalet slik samansetjing

Leiar:	Knut Aksel Thunem
Nestleiar:	Lidvar Kragset
Medlem:	Oddvin Kragset
Medlem:	Miriam Nystøyl
Medlem:	Ester SørDAL Klungre

1. varamedlem:	Hallstein Ljoså
2. varamedlem:	Sølvi Brandal
3. varamedlem:	Stig Aarsnes
4. varamedlem:	Brit Myklebust Bjørlykke
5. varamedlem:	Leon Stranden
6. varamedlem:	Ragnhild Hogganvik Eidså
7. varamedlem:	Per-Johnny Brekke

Knut Aksel Thunem er kommunen sin representant i styret for Vest kontroll med Lidvar Kragset som vara.

2. MØTER, SAKSBEHANDLING OG SAKER

2.1 Møteverksemd

Kontrollutvalet har i 2018 hatt 5 møte og behandla 38 saker. Ei oversikt over sakene følgjer under. Møtebøkene frå utvalet sine møte vart sende til kommunestyret som melding etter kvart.

2.2 Saksbehandling/rolle

Kontrollutvalet sine oppgåver etter lov og forskrift

Oppgåver ved rekneskapsrevisjon

Oppgåver ved forvaltningsrevisjon

Selskapskontroll

Særlege oppgåver

Sekretariatet

Vert ivareteken av Vest kontroll. Medlemskommunane i samarbeidet er: Hareid, Herøy, Sande, Selje, Ulstein, Vanylven, Volda, Vågsøy og Ørsta.

Revisjonen

Revisjonen vert ivareteken av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Revisjonen sitt arbeid og tilhøve revisjonen tek opp eller informerer om vil framleis vere tilhøve i kontrollutvalet sitt arbeid. Utgangspunktet for revisjonsarbeidet er at det skal rettast mot dei **risikoutsette** områda i kommunen.

Kontrollutvalet og revisjonen har inngått skriftleg samarbeidsavtale etter delegasjon frå kommunestyret.

Rådmannen

har innanfor kontrollutvalet sitt mynde ikkje høve til å instruere eller avgjere noko overfor sekretariatet. Eit godt samarbeid med rådmannen er viktig for felles forståing og best mulig resultat og læring.

2.3 Saker i året

Møte 01-18 – 08.03.2018

<i>Saksnr.</i>	<i>Tittel</i>	<i>Status</i>
01/18	Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokoll.	Ferdig
02/18	Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte	Ferdig
03/18	Gjennomgang av møteprotokollar 2017	Ferdig
04/18	Gjennomgang av møteprotokollar 2018	Ferdig
05/18	Meldingar	Kontrollutvalet ber rådmannen møte på neste møte for gjennomgang av kommunestyresak 05/18. Rapport om eigarskapsstyring for 2017.
06/18	Møteplan for kontrollutvalet 2018	Ferdig
07/18	Kontrollrapport – årsmelding 2017 skatteoppkrevjarfunksjonen	Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren si årsmelding og Skatterekneskapen for 2017. Kommunestyre sak 31/2018
08/18	Årsmelding for kontrollutvalet 2017	Ferdig. Kommunestyret sak 30/2018

Møte 02-18 – 23.04.2018

09/18	Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokoll.	Ferdig
10/18	Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte	Ferdig
11/18	Gjennomgang av møteprotokollar 2017	Ferdig
12/18	Meldingar	Ferdig
13/18	Tilsynsrapport – kommunal beredskapsplikt	Kontrollutvalet tek tilsynsrapport Kommunal beredskapsplikt til vitende. Kommunestyre sak 7/2019
14/18	Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2017	Ut frå dei opplysningane som ligg føre har kontrollutvalet ingen merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2017.
15/18	Kommunerekneskapen med årsmelding 2017	Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2017 datert 12. april 2018, kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen for Vanylven kommune for rekneskapsåret 2017, <u>kan godkjennast</u> . Kontrollutvalet støttar rådmannen sitt forslag til disponering av mindreforbruket. Kommunestyre sak 28/2018 og 29/2018
16/18	Orientering ved rådmannen – rapport om eigarskapsstyring 2017	<u>Utsett til neste møte.</u> <u>Sjå neste møte.</u>
17/18	Orientering ved rådmannen – kjøp av konsulenttenester	<u>Utsett til neste møte.</u> <u>Sjå neste møte.</u>
18/18	Neste forvaltningsrevisjonsprosjekt	Kontrollutvalet vil få utført eit prosjekt innan Økonomisk sosialhjelp. Revisjonen utarbeidar prosjektplan til neste møte (14.06.2018). Sjå sak 24/18

Møte 03-18 – 14.06.2018

16/18	Orientering ved rådmannen – rapport om eigarskapsstyring 2017	Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen til vitende.
17/18	Orientering ved rådmannen – kjøp av konsulenttenester	Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen til vitende.
19/18	Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokollen	Ferdig
10/18	Gjennomgang av møteprotokollen frå siste møte	Ferdig
21/18	Gjennomgang av møteprotokollar 2018	1.Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ikkje merknadar til gjennomgådde møteprotokollar. 2.Kontrollutvalet stiller likevel spørsmål til møte 2 – 05.04.2018 i Styret til Vanylven utvikling AS om Asbjørn Strand var med å behandle sak 13/18 eller om protokollen er feil.
22/18	Meldingar	Ferdig
23/18	Offentlegheit i kommunal sektor – tilbakemelding arkiv.	Kontrollutvalet tek rådmannen si tilbakemelding på spørsmåla vedkomande arkiv i offentlegheit i kommunal sektor til vitende.
24/18	Økonomisk sosialhjelp	Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre

		kommunerevisjon utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt Økonomisk sosialhjelp, jf. prosjektplan.
--	--	--

Møte 04-18 – 03.10.2018

25/18	Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokoll.	Ferdig
26/18	Gjennomgang av møteprotokollen frå siste møte	Ferdig
27/18	Gjennomgang av møteprotokollar 2018	Ferdig
28/18	Meldingar	Ferdig
29/18	Budsjett for kontrollutvalet 2019	Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve kr. 50.000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjett for 2019. Leiar og møtegodtgjersle kjem i tillegg.
30/18	Oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet – tideleg innsats	Kontrollutvalet tek tilbakemelding vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet Tidleg innsats til vitende, og ser på oppfølginga som avslutta.
31/18	Revisjonsplanlegging 2018 – finansiell revisjon	Kontrollutvalet tek til vitende Revisjonsplanlegging 2018 – finansiell revisjon, for Vanylven kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.
32/18	Habilitetsreglar for styret i kommunale føretak (KF)	1. Kontrollutvalet tek opplysningane og notat frå advokat Kvammen av 21.08.2018 vedkomande habilitetsreglar for styret i kommunale føretak til vitende. 2. Kontrollutvalet ber styret i Vanylven verdi KF føre i møteprotokollen kva heimel habilitetsvurdering vert vurdert ut frå. 3. Kontrollutvalet ber styret i Vanylven verdi KF merke seg at eit møte er ope når det kjem til avstemming om ein skal lukke møte eller ikkje.

Møte 05-18 – 05.12.2018

33/18	Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokollen	Ferdig
34/18	Gjennomgang av møteprotokollen frå siste møte	Ferdig
35/18	Gjennomgang av møteprotokollar 2018	Ferdig
36/18	Meldingar	Ferdig
37/18	Orientering om implementering av GDPR	Kontrollutvalet tek den skriftlege orienteringa til vitende.
38/18	Tertialrapport nr. 2- 2018	Kontrollutvalet tek tertialrapport nr. 2 2018 til vitende.

Det vert vist til kommunestyret sine møteprotokollar for saker frå kontrollutvalet som har vore behandla der.

3. MEIR OM KONTROLLUTVALET SINE OPPGÅVER

3.1 Omfang og avgrensing

Kontrollutvalet sine oppgaver er nærare lista opp i forskrift om kontrollutval kap. 3 til kap. 7.

3.2 Oppgaver

3.2.1 Alminnelege reglar om kontrollutvalet sitt ansvar og oppgaver. Kap. 3 i forskriftene.

§ 4. Tilsyn og kontroll.

Kontrollutvalet har, med dei tilgjengelege ressursar dei har hatt, ført tilsyn med forvaltninga og revisjonen.

§ 5. Henting av opplysningar

Utvalet har fått alle opplysningar dei har bede om.

3.2.2 Kontrollutvalet sine oppgaver ved rekneskapsrevisjon. Kap 4 i forskriftene.

§ 6 Rekneskapsrevisjon.

Kommunen sin årsrekneskap for 2017 som har vore avlagde i året, har vore revidert av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS. Så langt kontrollutvalet kjenner til var lover, forskrifter og standar for revisjon følgde.

Revisor har gitt skriftlege og munnlege orienteringar om arbeidet sitt til kontrollutvalet.

14/18	Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2017
-------	---

§ 7 Uttale om årsrekneskapet

15/18	Kommunerekneskapen med årsmelding 2017 Kommunestyre sak 28/2018 og 29/2018
-------	---

§ 8 Oppfølging av revisjonsmerknader.

Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om merknader som ikkje er følgt opp.

3.2.3 Kontrollutvalet sine oppgaver ved forvaltningsrevisjon. Kap. 5 i forskriftene.

§ 9 Forvaltningsrevisjon

Det er kommunestyret som i siste instans skal sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjon.

§ 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2019 vart behandla i kontrollutvalet i sak 27/16 og kommunestyret sak 145/16.

§ 11 Rapportar om forvaltningsrevisjon.

24/18	Økonomisk sosialhjelp	Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt Økonomisk sosialhjelp, jf. prosjektplan. Er under arbeid. pr. 31.12. Til behandling i kontrollutvalet i sak 09/19
-------	-----------------------	--

§ 12 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar.

30/18	Oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet – tideleg innsats
-------	---

3.2.4 Selskapskontroll. Kap. 6 i forskriftene.

§13 Selskapskontroll.

Plan og retningslinjer for selskapskontroll for perioden 2016 – 2019 vart behandla i kontrollutvalet sak **29/16**, og i kommunestyret **PS 147/16**.

§ 14 Selskapskontrollens innhald.

Kontrollutvalet skal sjå til det vert ført kontroll med forvaltninga av interessene ved å eige i dei selskap som er omfatta av slik kontroll, i dette kontrollere om den som utøver kommunen si interesse ved å eige i selskapa gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og vilkår(eigarskapskontroll). Selskapskontroll kan også omfatte forvaltningsrevisjon.

§ 15 Rapportering om selskapskontrollen.

Kontrollutvalet har ikkje behandla egne selskapskontrollar i året. Kommunestyret vedtok i sak **PS 86/16** Rutine for eigarskapsstyring. Kommunestyret behandla Rapport om eigarskapsstyring for 2017 i sak 05/2018.

3.3 Tilsynsrapportar frå fylkesmannen/statlege tilsyn

13/18	Tilsynsrapport – kommunal beredskapsplikt – Kommunestyre sak 7/2019
-------	---

3.4 Orienteringsbesøk

Kontrollutvalet har ikkje vore på orienteringsbesøk i 2018.

Kontrollutvalet i Vanylven kommune, 14.03.2019.

Knut Aksel Thunem
Leiar i kontrollutvalet

Jostein Støylen
Dagleg leiar Vest Kontroll